

Saksprotokoll i 03.03.2020 - fylkestinget

Fylkesordfører gav slikt svar:

Fylkesordføreren ønsker først å dra opp nokre rettslege utgangspunkt for oppretting av folkevalde organ og andre samarbeidsformer.

Folkevalde organ er regulert i kommunelova kapittel 5. Utval er nærare regulert i § 5-7. Representantskap og andre styringsorgan for eit interkommunalt politisk råd er og eit folkevald organ, jf. kommunelova § 5-1 (2) bokstav i. Interkommunalt politisk råd er nærare regulert i kommunelova kapittel 18.

Fylkestinget har mynde til å opprette utval og interkommunalt politisk råd, jf. §§ 5-7 og 18-1. Slikt mynde kan ikkje delegerast.

Kommunelova § 17-1 gir dessutan heimel for interkommunalt samarbeid innan nærare rammer.

Når det gjeld vurdering av kva rettsleg status mineralrådet har, kan ein slå fast at det ikkje er eit *utval* etter kommunelova § 5-7. Fylkesordføreren har òg vurdert om rådet er å sjå som eit interkommunalt politisk råd etter § 18-1. Fylkesordføreren peiker på at det er *kommunestyre* og *fylkesting* som vedtek oppretting av både utval og interkommunalt politisk råd, og at slikt mynde ikkje kan delegerast. Fylkesordføreren syner vidare til at reglementet for mineralrådet manglar sentrale føresegner kommunelova § 18-4 set til kva ein samarbeidsavtale mellom deltakarane i rådet skal innehalde, mellom anna om rådet er eit eige rettssubjekt, kva mynde rådet har, uttreden og oppløysing.

Fylkesordføreren har på bakgrunn av det nemnde kome til at det oppretta mineralrådet ikkje har status som eit folkevald organ i Vestland fylkeskommune. Dette er likevel ikkje til hinder for Vestland fylkeskommune si deltaking i interkommunalt samarbeid. Det er til utarbeiding ei sak i løpet av 2020, og som mellom anna vil vurdere rådet sin funksjon og organisering. Det vil vere opp til fylkestinget i Vestland å vurdere vidare deltaking i rådet. Fylkesordføreren viser i den samanheng òg til svar gjeve på interpellasjon SI 4/2019 i fylkestinget i desember 2019.

Når det gjeld løyvde midlar, løyvde fylkestinget i Sogn og Fjordane i møte 08.10.2019 midlar til rådet i samband med behandling av sak *Tertialrapport 2/19*. I møte i fylkesutvalet 10.12.2019, i sak *Oppfølging av fylkestingsvedtak - sak nr 48/19 mineralråd*, vart løyvinga effektuert. Fylkesordføreren kan ikkje sjå at det ligg føre noko rettsleg grunnlag for å krevje attende midlane. Fylkesordføreren set likevel spørsmålsteikn kring kvifor deltaking i eit slikt mineralråd ikkje vart løfta som sak til fellesnemnda.

Åsmund Berthelsen (SV) sette fram slikt forslag:

«Vedtak:

Vestland fylkeskommune ser at mineralrådet er ulovleg oppnemnt og organisert og trekker difor sin representant ut av rådet og vel heller ikkje nokon nye. Vestland fylkeskommune vil vurdere behovet for eit mineralråd eller om det er andre måtar å arbeide for utvikling av mineralnæringa i Vestland på. Vestland fylkeskommunen krev å få tilbakebetalt midlane som vart løyvde til arbeidet i mineralrådet.»

Avrøysting til sakskartet

Det var 63 representantar til stades.

Fylkestinget tok stilling til om forslaget skulle realitetsbehandlast.

50 av representantane (A, Sp, H, Frp, FNB, KrF) røysta mot at forslaget skulle realitetsbehandlast. Forslaget vart dermed ikkje realitetsbehandla, jf. kommunelova § 11-3.